

Modalen kommune v/arkivleiar Lin Tove Thomassen

postboks 44  
5729 MODALEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
22/1048 - 4 / RL / 003

Dato:  
21.11.2022

## Utkast til høyrings svar - utgreiing om framtidig arkivorganisering i Vestland

Vestland fylkeskommune ved, Fylkesutvalet, vedtok 8. november 2022 å sende kartleggings-utgreiingsrapporten «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland» på høyring hjå kommunane og arkivaktørar i Vestland (PS 138/2022). Høyringsfrist er sett til 11. januar 2023.

Den 15. november heldt IKA-Hordaland IKS eigarmøte. I eigarmøte vart det orientert om prosessen kring utgreiinga og IKA Hordaland IKS si rolle i dette arbeidet. Fylgjande punkter vart orientert.

### Bakgrunn for utgreiinga.

- ✓ Korkje styret eller representantskapa i dei to kommunale arkivsamarbeida i Vestland fylke har gjort vedtak eller teke initiativ til at ei utgreiing kring framtidig arkivorganisering i Vestland skulle gjerast.
- ✓ Utgreiinga er gjort i kraft av Vestland fylkeskommune si regionale rolle, og er noko fylkeskommunen gjer for si eiga skuld. Dette er og stadfesta i underlagsdokumenta til rapporten der det vert gjort klart at, det er fyrst og fremst er Vestland fylkeskommune sine utfordringar som skal løysast. Utfordringar som andre kommunar i Vestland fylke har i høve arkivering, kjem i andre rekke.

### IKA-Hordaland IKS si rolle i arbeidet.

- ✓ Vi har ikkje delteke i styringsgruppa som har utarbeida rapporten.
- ✓ Vi har delteke i referansegruppa, der dagleg leiar si rolla har vore å komme med faglege innspel på den informasjon og dokumentasjon som vart førelagt.
- ✓ Både dagleg leiar og styreleiar har og vore intervjuet av Menon Economics som har utarbeida rapporten.
- ✓ Styringsgruppa, prosjekteigar, og Menon Economics har sjølv valt kva faglege innspel som er teke til etterretning og kva som er teke med i rapporten.

Det betyr at korkje styreleiar eller dagleg leiar nødvendigvis er samd eller kan stå inne for innhaldet i kartleggings og utgreiingsrapporten.

### Bestillinga frå eigarmøte.

- ✓ Eigarmøte ba oss om å sende brev der ein ba om utsett høyringsfrist til medio mars, slik at administrasjon, formannskap og kommunestyre rakk handsame eit eige høyrings svar.

- ✓ Eigarmøte ba og IKA-Hordaland IKS om å skrive eit utkast til høyringsvar på vegne av kommunane. Dei kommunane som ville kunne stille seg bak utkastet og eller bruke det som grunnlag for å skrive eige høyringsvar.

Vi tek gjerne i mot innspel på høyringsvaret, eventuelt tilsagn innan utgangen av veke 52. Dokumentet er sendt til fagansvarlige for arkiv i kommunane og til deltakarar på eigarmøte.

Med venleg helsing

Rune Lothe  
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

Innspel til høyringsvar  
arkivutgreiinga i Vestland

1358413

22.11.2022